Sak til fylkesårsmøtet Utdanningsforbundet

Kinn er sterkt uroa over arbeidssituasjonen i barnehagane. Låg grunnbemanning, høgt sjukefråvere og mangel på vikarar førre til store belastningar for dei tilsette. Ikkje minst er dei emosjonelle belastningane store. Svært få tilsette greier å stå i jobb til dei oppnår ordinær pensjonsalder.

Utdanningsforbundet Kinn kan ikkje sjå at det er mindre krevjande å stå lenge i jobb i barnehagane enn i skulane. Difor meiner vi at det er viktig og riktig at Utdanningsforbundet jobbar for at pedagogane i barnehagane får ein sentral avtale om livsfasetiltak på lik linje med undervisningspersonalet i skulane.

Forslag til vedtak:

Utdanningsforbundet Kinn sender inn følgjande sak til årsmøtet i Utdanningsforbundet Vestland i mai 2023:

Utdanningsforbundet skal jobbe for at det blir innført livsfasetiltak i arbeidstidsavtalen for pedagogane i barnehage (SFS 2201) på lik linje med tiltaka i arbeidstidsavtalen for undervisningspersonalet i skule (SFS 2213):

1. Nyutdanna barnehagelærarar får redusert arbeidstida på avdeling med 6% i sitt første arbeidsår etter fullført grunnutdanning. Tida skal nyttast til planlegging, fagleg fordjuping, samarbeid og til å få rettleiing av styrar eller ein kollega.

2. Barnehagelærarar (både barnehagelærarar og pedagogiske leiarar) får redusert arbeidstida på avdeling med 6% frå starten av barnehageåret det året dei fyller 57 år, og med 12,5% frå starten av barnehageåret det året dei fyller 60 år. Tida skal nyttast til planlegging, fagleg fordjuping og samarbeid, og kan i tillegg nyttast til rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar.

3. Den reduserte tida på avdeling må trekkjast frå i utrekninga i høve til pedagognorma og bemanningsnorma, sånn at den einskilde avdeling ikkje får redusert bemanning i det direkte arbeidet med barna.